



Kommunereforma – regional ressursgruppe

Møtereferat

Møtestad: Fylkesmannen i Rogaland

Tidspunkt: 31. aug 2016 10:00-12:00

Medlemmer/deltaking:

Fylkesmannen	Magnhild M Kleppa, Harald Thune, Lone Solheim, Anfinn Rosnes
KS	Helene Ohm
Jærrådet	Torbjørn Hovland
Regionråd Dalane	Torbjørn Ognedal
Ryfylkerådet	Bjørn Laugaland
Regionråd Haugalandet	Leif Malvin Knutsen
Rogaland fylkeskommune	Forfall
Sandnes kommune	Sofie M. Selvikvaag, Sidsel Haugen
Stavanger kommune	Bjørg Tysdal Mo, Kjartan Møller
Distriktsenteret	Forfall
NHO	Svein Olav Simonsen
LO	Øystein Langholm Hansen
IRIS	Einar Leknes

Møteleiar: Magnhild Meltveit Kleppa

Møtet starta med ei kort innleiing frå Fylkesmannen (FM) m.a. om dagsorden, og det var ein prestasjonsrunde. Kleppa innleia også med å sei at dette er tenkt som eit siste møte i denne gruppa, og at forumet har vore viktig for informasjons- og meiningsutveksling gjennom heile prosessen.

Informasjon om Fylkesmannen sitt arbeid med tilråding

Innleiing v/Kleppa

Kleppa innleia om status i kommunane etter at alle vedtak er gjort, 7 kommunar ønskjer å slå seg saman, 7 kommunar ønskjer ny struktur utan å få avtale med nabo, medan 14 kommunar har gjort vedtak om å stå aleine. Det blei informert om Fylkesmannen (FM) sine aktivitetar nå fram mot ferdig tilråding, m.a. om kva kommunar som til nå er inviterte til møte. Det kan bli aktuelt å invitere fleire kommunar. Dette er interne arbeidsmøte som eit ledd i FM sitt arbeid med tilrådinga, og det er opp til kommunen korleis dette blir formidla i media.

Kleppa viste også til brevet til alle FM, der det er presisert at «Fylkesmannen skal på selvstendig grunnlag gjøre en faglig vurdering av helheten i fylket og komme med en tilråding om framtidig kommunestruktur»

Det blei elles vist til [brev fra statsråd Sanner](#) datert 1. juli om utvida frist for kommunane, og at for Rogaland gjeld dette for Vindafjord/Egne og Forsand. Kleppa viste elles til regionmeldinga og om prosessen om ny Fylkesmannstruktur. Det er truleg regionmodellen som peikar seg ut som mest aktuell, med om lag 10 fylkesmannsembete.

Om arbeidet hos FM v/Rosnes

Det blei innleia med litt meir informasjon om status i kommunane, om kommunestyrevedtaka, folkeavstemmingar og innbyggarsundersøkingar. Det er lagt ut ein god del informasjon på Fylkesmannen si nettside, m.a. ei [eiga nettsak](#) der du enkelt kan finne alle kommunale vedtak. Rosnes orienterte også litt om resultatet i nabofylka og i landet, over 70 kommunar har vedteke å danne ny kommune.

Det blei igjen vist til brevet FM sende til kommunane i april med ei eiga momentliste, der det også kom klart til uttrykk at kommunane skulle vurdere og ta stilling til aktuelle grensespørsmål. KMD har i juni send ut [ein mal](#) for strukturen på FM si tilråding, og denne blir brukt som grunnlag for arbeidet med tilrådinga.

Det blei orientert om strukturen i dokumenta frå FM, som truleg vil sjå slik ut:

1. Oppsummering og tilråding
 - a) Tilråding
 - b) Grunngjeving for tilråding
2. Vedlegg
 - a) Prosessar og vedtak i kommunane
 - b) Utfordringsbilete - faktagrunnlag

I møtet blei det vist utkast til struktur på desse dokumenta, og litt om innhaldet. Det skal vere ei samling i KMD for alle prosessveiledarar den 6. september, der det skal vere ei samordning mellom fylka om sluttprosessen. Det vil difor kunne kome justeringar i opplegget etter dette.

Aktuelle grensejusteringar vil også vere tema i FM si vurdering, og i møta med kommunane. Raglamyr/Norheim, Forus, Ombo, Jøsenfjorden og Hylsstronda blei trekte fram som døme. Nokon grensespørsmål må bli vurderte av FM fordi det er teke initiativ lokalt med heimel i inndelingslova, andre kan bli tekne opp etter initiativ frå FM. Spørsmål som fastlandsida av Karmøy og Forus er tema som må vurderast.

FM gjer eit relativt omfattande internt arbeid for å danne eit best mogleg bilet av dei utfordringane den enkelte kommune står føre, og i nokon tilfelle kan det vere avvik mellom kommune si vurdering og FM si vurdering. Det er også registrert ein del forskjell mellom kommunar når det gjeld vurderingsgrunnlag og grunngjeving for dei vedtak som er gjort. Rosnes avslutta med å vise til oppdraget til FM om ei eiga faglig vurdering, og at det dette skal vektast saman med prinsippet om at dette skal vere friviljug. Dette er ein krevjande prosess som skal ende ut i ein konklusjon og endeleg tilråding. Det var ein del spørsmål og synspunkt i møtet om denne grenseoppgangen.

Status regionreforma

Grunna forfall frå fylkeskommunen orienterte Rosnes kort om status når det gjeld nabopraten regionalt, om det som nå skjer i forhandlingane om ein aktuell vestlandsregion. Det blei vist til referat frå første forhandlingsmøte i august, og agenda for neste forhandlingsmøte på Sola denne

veka. Det skal leggjast fram ei sak om intensjonsplan for Fylkestinget i oktober, og gjerast endeleg vedtak i desember. Det er også avtalt samtalar mot Agder.

Presentasjon av FM si tilråding 27. september

Det blei informert om samlinga 27/9, der det blir presentasjon av FM si endelege tilråding.

Påmelding på Fylkesmannen si [nettside](#).

Kleppa takka avslutningsvis for eit nyttig møte og opplyste igjen om at dette var tenkt som siste møte i denne gruppa.

Plansjar brukt i møtet blir lagt ut på FM si nettside saman med referatet.

*Anfinn Rosnes
referent*